



NABO- INFORMASJON FRÅ HYDRO HUSNES OM TRYGGLEIK OG VARSLING

Hydro Husnes tar arbeidet med sikkerheit svært alvorleg, både med tanke på eigne tilsette, innleigde og dei som bur og ferdast i nærområde vårt.

Bedrifta skal drivast på ein slik måte at naturen ikkje vert skada og til ei kvar tid innanfor rammer som vert tildelt.

Formålet med dette informasjonsheftet etter Storulukkeforskrifta §12, er å gjera naboane våre kjende med verksemda sett frå eit sikkerheitsperspektiv



Innleiing

Hydro sitt område er avgrensa av sjøen i nord. I nordaust grensar industriområdet mot eit kommunalt industriområde som Hydro og eig delar av. Hydro sitt industriområde er inn-gjerda og har ei buffersone mot bustad områda på Husnes. I bufferzona mot bustad området i vest er det opparbeidd eit golfanlegg. Dette området eig Hydro.

Hydro hentar sjøvatn til reinseanlegga for omnsgass i Husnesvågen. Utslepp av sjøvatn går tilbake til Husnesvågen.

Frå Hellandselva og Opsangervatn blir det teke inn kjølevatn til likerettarar og til støypeprosessane. Utslepp av kjølevatn frå likerettarar

går tilbake til Opsangervatnet, medan utslepp av kjølevatn frå støypeprosessen går til Husnesvågen.

Hydro har eit lukka sjøkantdeponi som det vert jamleg føreteke målingar rundt. I dette området er det delvis opparbeidd båthamn og idrettspark.

Nærområdet kan bli råka om ein misser straumen inn på verket. Dette er på grunn av transformator-stasjonen gir straum ut til Husnesområdet. Nærområdet kan også misse straumen for kortare periodar av andre årsaker.

Varsling

Hydro har heilkontinuerleg drift og er bemanna døgnet rundt. Ved uønskte hendingar vil beredskaps-personell vera tilgjengeleg innan kort tid. Myndig-heitene blir varsla etter godkjend varslingsplan.

Informasjon til omgjevnadene vil bli gjeve så snart som praktisk mogeleg av Hydro Husnes.


Storulukkerregelverk

For Hydro gjeld storulukkeforskrifta. Denne for-skrifta §9, stiller mellom anna krav om at det skal utarbeidast ein sikkerheitsrapport som skal sendast tilsynsmyndigheitene, samt at lokalbefolkninga vert informert.

Varsling til naboar

Varsling til naboar kan komme over tyfon og/eller via telefonvarsling. Tyfongen vert testa siste fredag i månaden kl. 12:00. Ved øving kan det også komme melding på telefon.

Aktivitetar og prosessar



Ulike produkt og eigenskapar

Fluorid

Fluorid er ein del av råstoffet i elektrolyseprosessen. Produktet finst i flytande og fast form.

Det er risiko for ureining frå fluorid til luft og vatn. Fluoridmålingar og analysar av bartre og gras vert gjennomført årleg.

Anodar

Anodar er laga av petroلكoks og bek. Det er stor energimengd i anodane.

Ved eventuell brann i anodelageret kan gassar som er skadelege for menneske og miljø bli utvikla.

Flytande propan (LPG)

Verknader av propangass på menneske og miljø:

Menneske: Låge propankonsentrasjonar kan føra til kvalme, svimmelheit, hovudverk og døsighet. Høge konsentrasjonar kan vera årsak til irritasjon i augo

og luftvegar, og kan gje narkotisk effekt. Det er og stor kvelingsfare pga. oksygenmangel. Den låge temperaturen på gassen når den kjem ut av behaldaren kan gje frostskeadar på hud.

Miljø: Propan er tyngre enn luft. Gassen vil derfor leggja seg nede ved bakken, i groper, kummar, slukar og liknande. Det er lite truleg at produktet vil medføra alvorlege langtids-verknader på miljøet.

Flytande naturgass (LNG)

Verknader av naturgass på menneske og miljø

Menneske: Gassen vil i høge konsentrasjonar føra til kveling ved fortrenging av luft. Ved hudkontakt kan gassen vera lett irriterande ved langvarig eller gjentakande eksponering. Kontakt med gass under trykk kan gje frost-skade.

Miljø: Gassen vert broten ned til karbondioksid (CO₂) i atmosfæren.



Fare for storulukke

Risiko for storulukker ved Hydro Husnes er kartlagt gjennom risikoanalyse.

Risikovurderinga vert gjennomgått annakvart år og oppdatert ved endringar i anlegga.

Anlegga med størst potensiale for storulykke

Naturgassanlegget

Lagringstank for naturgass (LNG) ligg ovanfor kaien. Gasnor eig tanken no. Gassutslepp som antenner kan gje alvorlege brannskadar på personar og miljø innanfor og utanfor Hydro sitt område.

Lagringstanken rommar 250 m³ gass (ca. 90 tonn i flytande væske). Væska går frå tank til fordampar der den går over til gassform. Gassen går så vidare inn på konteinar for trykkregulering og lukttilsetjing. Det er gassrør i grunnen opp til verket. Trykket i røret er regulert ned til ca. 3.8 bar. Naturgass er lettare enn luft.

Fylling skjer hovudsakleg frå bil.

Propan

Propananlegget består av ein tank med volum på 20 m³ tilsvarande ca. 9 tonn flytande propanvæske når den er full. Propangassen vert transportert flytande i rør til fordampar som er seksjonert med sikkerheitsventilar og manuelle stengeventilar. Tankbil køyrer inn på verket for å fylle opp tanken med flytande propan.

Propangass vert i all hovudsak nytta til oppvarming av restart-omnar i omnshallane. Elles er propan resseløysing for naturgass.

Risikoanalyse viser at risikoen for eksplosjon er låg. Ved stor utstrøyming av gass må området evakuerast. Ved fare for eksplosjon vert alt personell i ein avstand på 500 meter frå tanken evakuert. Ved stor risiko for eksplosjon vert alt personell i ein avstand på 1000 m frå tanken evakuert.

Gassutslepp frå propantank som antenner kan gje alvorlege brannskadar på personar og miljø innanfor og utanfor Hydro sitt område.

Reinseanlegg

Stans i reinseanlegga kan føra til fluor-utslepp, ureining og skade på vegetasjon og jord. Reinseanlegga er delt opp i 4 uavhengige einingar.

Anodelager

Brann i anodelager vil føra til ulmebrann med høg temperatur og gassutvikling som kan skada det ytre miljøet. Anodane er svært vanskeleg å tenna, og risikoen for brann er difor svært liten.



Beredskap mot storulukke

Hydro Husnes er bedrift i beredskapsklasse 1. Dette er den strengaste klassen. Den krev den mest omfattande beredskapen i industrien. Uønskte hendingar ved bedrifta vil kunne medføre alvorleg skade både på bedriftsområdet og i nærmiljøet.

Bedrifta har eige industrivern som til ei kvar tid er i beredskap, og som trer i funksjon ved behov.

Industrivernet består av: Beredskapsgrupper på alle skift, fagleiar industrivern, industrivernleiar, redningsstab, forsterka brannvern, forsterka førstehjelp og teknisk teneste.

Industrivernet har naudsynt utstyr.

Kravet til heilkontinuerleg beredskapsstyrke er oppfylt. Den er bygd opp av innsatsgruppe i tillegg til operativt personell. Mannskapa har jamlege treningar og opplæring for å kunna handtera ulykker og hendingar som kan oppstå på bedrifta. Kvart skift

har eige brannlag, og det er eitt brannlag på dagtidsgruppa.

Tilsette i driftsorganisasjonen har beredskapsvakt døgnet rundt. Desse går inn i beredskapsgruppa ved behov.

I alarm og beredskapsplanane er aktivitetar og varslingsrutinar nærare omtala. Desse vert iverksette og leia av beredskapsgruppa.

Bedrifta samarbeider med det offentlege. Den har tett og godt samarbeid både med Kvinnherad brannvesen, politi og andre offentlege redningsetatar.

Verksemda driv førebyggjande vedlikehald på anlegga med sikte på å oppnå sikker drift. Det førebyggjande sikkerheitsarbeidet for å hindra at ulykker skal oppstå, er ein kontinuerleg aktivitet.

Beredskapsplan

Bedrifta har beredskapsplan. Den er laga for å handtere og avgrense verknaden av ekstraordinære situasjonar på bedrifta og nærområdet.

Nærare informasjon

Dersom de ønskjer meir informasjon kan Hydro Husnes kontaktast på telefon 53 47 50 00
Postadresse: Hydro Husnes, Onarheimsvegen 54, 5460 Husnes

Husnes, 8. april 2022



Jon Ola Ystgaard
Fabrikksjef



Knut Arne Haga
Industrivernleiar

Slik opptrer du ved katastrofealarm

Heng gjerne informasjonen opp på ein synleg plass.



Varslingssignal:

Hydro Husnes sine varslingstyfonar og telefonanlegg vil bli nytta ved varsling om farar eller gassutslepp

Katastrofealarm:



Vert varsla med tyfon: 17 korte støyt.
Telefonvarsling: Naboar vert oppringt og mottek melding frå Hydro Husnes eller politi.

Tyder at:

Faresituasjonen ved Hydro Husnes sitt industrianlegg. Brann, eksplosjon eller gasslekkasje.

Brannalarm:



Vert varsla med tyfon: 6 lange støyt

Tyder at:

Brann ved Hydro Husnes sitt industrianlegg.

Dette gjer du når du er utandørs:

Gå eller køyr til næraste hus og bli innandørs.

Dette gjer du når du er innandørs:

Lukk dører, vindauge og ventilar, slå av vifter.

Vent på varsling via telefon eller radio.

Hugs: I ein krisesituasjon kan telefonnettet bli overbelasta
- nytt telefon berre til viktige samtalar